

# Referat frå foreldremøte SFO 03.09.24

Audhild ønske velkommen.

## Rammeplan for SFO

Det kom rammeplan for SFO i -21. Det er eit arbeidsredskap som skal bidra til ein likeverdig SFO av god kvalitet over heile landet. Der står mykje om kva SFO skal omhandle. Du finn den her [Rammeplan for SFO \(udir.no\)](https://udir.no)

**Heimeside:** På heimesida til skulen [Vestbygd Skule - Nyheiter \(minskole.no\)](https://minskole.no) kan ein gå inn på SFO si side. Der blir lagt ut årsplan, vedtekter, referat og andre skriv. SFO legg og inn bilete og tekst frå hendingar på SFO. Vi set aldri namn til bileter. Passordet for å gå inn på bileter på SFO-sida er: *spør på SFO*.

**DUÅ-** De utrolige årene. Hvordan fremme barns sosiale, emosjonelle og faglige ferdigheter. Dette er satsingsområde for Alver kommune. Vestbygd skal ha opplæring dette året. BUP står for opplæringen. Planleggingsdager vil gå med til dette i tillegg til ekstra samlinger. Desse vert lagt til måndagar kl 13-16. For at SFO personalet skal få delta må vi nytta vikarar. Er det mulig for foreldra å ikkje nytte SFO dei måndagane eller hente tidleg vil det vere til stor hjelp med vikarsituasjonen.

**Måndag-samlingar i haust vert: 23. september, 4. nov og 2. des.**

**Neste halvår 13. januar, 17. februar og 7. april**

Det vil koma meir info om dette.

## Årsplan

Vi gjekk gjennom årsplan, den ligg på heimesida. Sjå link lenger oppe på sida. Rammeplanen seier no at alle SFO-ar skal ha ein årsplan og litt om kva den skal innehalde.

1.kl har vore med heim til Audhild. Det var veldig kjekt og borna kosa seg.

*Foreldrerepresentant:* Michelle Meagher, mor til Emma Sofie i 2. kl. er foreldrerepresentant for SFO. Det er ein som både foreldra og SFO kan kontakte om det er noko som skal takast opp.

*Uteområde.* Det er kjempestor overgang frå barnehage med gjerde rundt, til ein uteplass utan stengsler.

På SFO bruker vi 1+2 plass. 1-ar plass er sida ein kjem til frå parkeringsplassen der 1. kl har sin inngang og haugen med seglebane, 2-ar plass er sida med humpedisser, basketbane og skogen. Vi har ikkje bemanning til å ha kontroll på større område.

SFO brukar fotballbana av og til, då saman med ein vaksen eller etter avtale med enkeltgrupper.

Borna er flinke til å halde seg på området.

Kl. 15.30 samlar vi alle borna på 1-ar plass for å ha oversikt.

*Bemanning.* Det er 16 born pr. vaksen etter vedtektene. Det er stor forskjell frå barnehage. Vi prøver å utnytte bemanninga slik at vi kan gjere kjekke ting med borna. Vi serverer mat 3 dagar for veka, brukar gymsal og legg til rette for lek og hobbyaktivitetar.

Vi har sending av born og oppdatering av lister. I hentesituasjon kan det til tider virke som det er lite vaksne. Det kan vere ein vaksen som må løyse opp i konflikhtar samstundes som ein annan sender born. Sørg alltid for at ein vaksen får med seg at du hentar. Vi har alltid ein vaksen som har sendeansvar og oversikt over kvar borna er. Dei andre vaksne har gjerne spesielle oppgåver og har då ikkje oversikt over kvar ditt born er. Det er mange beskjeder og informasjon som må overførast dei vaksne imellom i løpet av sfo- tida. Det kan til tider virke som dei vaksne berre «står og prater saman» Håpar de har forståing for det. For å ha ein god

oppfølging av borna treng vi å samkjøre opplysningar. Nokre vaksne kjem frå timar i storskulen, og nokre skal kanskje gå. Nokre har vore på kjøkkenet eller i gymsal med grupper.

*Klede:* Vi har mange born. Det er avgrensa kva vi når over. Vi klarar ikkje å passe på at borna har dei plagg foreldra gjerne ynskjer dei skal ha under yttertøy. Vi passar på at alle har regntøy på når det regnar, om dei har med, og at dei stort sett går fornuftig kledd etter veret. Nokre born er varmblodige og nokre frys lett. Det er stor forskjell på kva foreldra meiner dei skal ha på seg. Du må sjølv snakke med ditt born om kva det skal ha på seg. Born som ikkje har med ytterklede etter veret, særst regntøy, skapar mykje ekstraarbeid for oss.

*Alt yttertøy skal heim i helgene.* Fint om de kan minna borna å setje sko opp på benken når dei går heim så reinhaldar får gjort reint. Borna har liten garderobeplass på skulen, så pass på at det ikkje heng unødige ting.

Fint om foreldra til dei minste kan kome innom og sjekke garderobeplassen ein dag for veka.

### **Visma føresettportal- meldingstjeneste**

Beskjedar kan de legge rett i vismaappen. Trykk på sfo nederst på sida. Velg dag for beskjed.

Trykk så på rediger. Det kan leggjast inn gjentakande beskjeder eller gjeldande for ein dag.

Då kan dei vaksne på SFO sjå meldinga. Berre spør om det er noko de lurar på.

Faste avtalar er å føretrekkje. Meldingar må seinast leggjast inn før kl 10 same dag for å sikre at dei blir lese. Dei som ikkje ynskjer å nytta meldingstjenesten kan sender ein SMS melding til SFO mobilen 40907662.

*Avtalar om å bli med heim til andre* er fint om de kan gjere ein annen plass enn på SFO. Det er sårt for dei borna som ikkje blir bedt med heim. Ein del foreldre oppfattar det som stressande å bli møtt med spørsmål om nokon kan være med heim når dei kjem for å hente.

Borna som er ferdig på SFO eller ikkje går på SFO kan ikkje bruka skuleplassen før etter 16.30.

**Hjelparar:** Elevar frå 7.kl. skal etter høstferien få hjelpa til på SFO måndagar. Det er i utgangspunktet 2 stk. om gongen, 4 veker kvar. Dette kan endrast om det er mange/få som vil vere hjelparar. Dei leiker med borna og hjelper til med forskjellige ting. Dette har vore veldig kjekt for borna tidligare år.

**Henting av borna** av andre enn foreldra, går fint utan at de gir beskjed så lenge det er nokon barna kjenner. Har de nokon som ikkje skal hente borna så gje beskjed om det.

**Gymsal.** SFO nyttar gymsal måndag og fredag. I hovudsak 1.kl + 4 kl. måndagar og dei andre fredagar. Ved fint vær nyttar vi dagane ute.

**Potetchips** . Vi satt poteter i mai og skal ta dei opp no når jorda får tørke litt. Borna skal få laga sin eigen potetchips.

**Påmelding til haustferien.** Påmeldingvert sendt ut med svarfrist 16.9.

Det vart vist litt bilete frå kvardagen på SFO og når 1.kl var på besøk hos meg.

Ref. Audhild